

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

### **Fråsegn til høyring om endring av stadnamnlova**

Stadnamna er ein del av den gamle kulturarven vår som framleis spelar ei sentral rolle i kvardagslivet vårt. Det er viktig for oss å ta vare på og odla vidare det me har fått overlevert frå forfedrane våre, og det gjeld stadnamna våre òg. Me tillèt ikkje at eigarane av freda bygningar byggjer desse om til ein ny stil, og det kan ikkje vera annleis med immateriell kulturarv, slik som stadnamn.

I dansketida vart norske stadnamn i skrift normerte etter danske og dels kontinentale språkreglar, endå namna hadde opphav i norsk ordtilfang, og trass i at dei i munnleg bruk framleis hadde norsk form. Dette førde til at mange av namna vart kraftig forvanska, for embetsmennene forstod ikkje skikkeleg det norske talemålsgrunnlaget. I munnleg bruk overlevde dei norske formene i forbausande stor grad, endå tradisjonen var reint munnleg. På grunn av at alle kart og alle dokument var på dansk, vart det påkravt med eit omfattande fornorskingsarbeid av stadnamna då Noreg vart sjølvstendig, og ein vedtok at namna skulle normerast på eigen grunn. I Noreg valde me då å normera namna etter den lokale, nedervde uttalen, for den var mest påliteleg, og så tilpassa ein den til norske stavereglar med grunnlag i det språkhistoriske opphavet til namna. Dette gjorde at namna fekk skrivemåtar som var "skreddarsydde", den nye skrivemåten tok omsyn til den språklege tradisjonen og uttalen hjå dei som brukte namna. Dette gjer namna gjenkjennelege for dei daglege brukarane, og det gjer det mykje lettare å tyda namna.

Dersom ein no overlèt til privatpersonar å fastsetja korleis bruksnamna skal skrivast, vil det kunna rase mykje av det fornorskingsarbeidet og rekonstrueringsarbeidet som har vore gjort med norske stadnamn dei siste hundre åra. I praksis vil det i mest alle tilfelle der brukseigarane tek initiativ til endring, innebera tilbakefall til dansketida, med vilkårlege, forvanska skrivemåtar som skifter over tid etter smaken til den som er eigar til ei kvar tid, for nesten alle eldre skrivemåtar har dansk form.

I tillegg har skriftlege førelegg mykje større påverknad på den munnlege bruken no enn før. Tidlegare var den munnlege tradisjonen svært sterk, men i dagens meir omskiftande verd går munnlege tradisjonar stendig meir i oppløysing, slik at folk rettar seg meir etter skriftlege førelegg enn før. Det gjer at om me tillèt brukseigarane å tvinga gjennom fordanska skrivemåtar i offentleg bruk, kan desse fortregja den opphavlege, nedervde norske uttalen av namnet for alltid. Det er dårleg forvaltning av kulturarven vår.

Me håpar difor at heile framlegget til endring av stadnamnlova vert lagt bort, og at normeringa av stadnamna, anten dei er bruksnamn eller ikkje, vert førd vidare på den varlege måten ein gjer det på i dag, der folk med sans for lokal tradisjon og kunnskapar om språkleg opphav tek kvalifiserte avgjerder.

Med venleg helsing

Oddmund Hus

Hardanger folkeminnelag